

Møtebok for Kyrkjeleg fellestråd i Kvam

Saksnummer: OSL/04/24
Innkallingsdato: 4. september 2024
Møtedato: 18. september 2024
Møtestad: Strandebarm kyrkjelydshus
Møtetid: 16.30-19.00

Medlemer tilstades på møtet: 6 Arne Opsahl-Engen
Astrid Lunestad
Kjell Dysvik
Margun Mikkelsen Tordal
Magne Kolstad
Tor Håkon Berge

Varamedlemer tilstades: 0

Meldt forfall: 4 Ida Lindøe
Vetle Karlsen Eide
Lisbeth Henriksen
Astrid Helleve Fylkesnes

Andre: Olav Skeie Lid, sekretær

Møteleiar: Margun Mikkelsen Tordal

Saker som vart drøfta: Sak 22/24 til og med sak 30/24

22/24 Godkjenning av innkalling, sakliste og møtereferat

Samrøystes vedtak: Sakliste, innkalling til dagens møte, samt møtebok for fellesrådsmøte 8. mai vert godkjende. Til å skriva under møteboka for førre fellesrådsmøte 8. mai 2024 vert valde: Astrid Lunestad og Kjell Dysvik.

23/24 Meldingar

Samrøystes vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd tek framlagde meldingar til vitande.

- Heller ikkje ved denne utlysinga kom det søkjarar til stillinga som sokneprest i Øystese og Ålvik, - i alle fall ikkje nokon som vart innkalla til intervju. Me er glade for at trufaste pensjonistar nok ein gong stiller opp, og det går mot ei løysing der Brigte Sigve Skeie og Roar Strømme vil dela på denne stillinga det komande året. NB! Bispedømet vil no gjera ein framstøyt via noko dei kallar **Post Social**, for å så om dette kan gje fleire søkjarar.
- Prosessen med kyrkjerestaureringa i Strandebarm rullar og går. Det er mange instansar som skal ha eit ord med i laget, og ting tek lenger tid enn ein utolmodig kyrkjevevje hadde sett for seg. Læringskurva inn mot gammal byggjeteknikk og ivaretaking av gammalt handverk er bratt, både for konsulentar og kyrkjevevje. Ny kunnskap kjem til overflata i eitt bankande, og i skrivande stund er det høgst usikkert både med omfanget og metodebruk når det gjeld gjennomføringa. Meir informasjon kjem i fellesrådmøtet.
- **Siste:** Godkjenninga av restaureringsarbeidet i Strandebarm er no i dag motteke frå Riksantikvar og biskop, og prosessen kan difor skyta fart igjen. Og kanskje endå gledelegare: Riksantikvaren opnar for at dette prosjektet kan få ytterlegare stønad frå det nyoppretta Kirkebevaringsfondet, i tillegg til den summen på kr 1,5 mill som allereie er bevilga frå Riksantikvaren. Kyrkjevevje iler til og søker
- Soknerådet i Øystese ynskjer å få utført tiltak som gjer det mogeleg å ha rullestolar integrert i benkene, utan at dei vert sitjande i midtgangen. Dette er gjort med hell i Strandebarm. Det er både stigmatiserande og brannfarleg å verta sitjande på utstilling i midtgangen. Kyrkjevevje set i gang søknadsprosess til biskop for å få løyve til tiltaket.

24/24 Godkjenning av arbeidsavtale for kyrkjeverje

Samrøystes vedtak: Den framforhandla arbeids – og leiaravtalen mellom kyrkjeverje og forhandlingsutvalet vert godkjend.

Leiaravtale

for kyrkjeverje i Kvam kyrkjelege fellesråd

1 Generelt

Leiaravtalen er eit tillegg til arbeidsavtalen og økonomireglementet for Kvam kyrkjelege fellesråd, og vert inngått innanfor rammene av «Særavtale for leiarar for KAs tariffområde». Leiaravtalen regulerer tilhøvet mellom fellesrådet som arbeidsgjevar og kyrkjeverja som dagleg leiar av verksemda. Leiaravtalen vert utforma på grunnlag av vedtekne planar og rammer for Kvam kyrkjelege fellesråd si verksemd. Dagleg leiar plikter å overhalde teieplikta etter forvaltningslova § 13f, og har signert særskilt erklæring om dette.

2 Ansvar

Kyrkjeverja er øvste leiar av Kvam kyrkjelege fellesråd si verksemd, og skal leia denne på ein slik måte at fellesrådet kan utføra dei oppgåver som fylgjer av lovverk og kyrkjelege organer sine vedtak og bestemmelsar.

Kyrkjeverja er sekretær for fellesrådet og har møte -og talerett.

Kyrkjeverja er sekretær for administrasjonsutvalet og eventuelle andre utval/komitear med møte- og talerett etter fellesrådet sine bestemmelsar.

Kyrkjeverja skal sikra at Kvam kyrkjelege fellesråd vert gjeve best mogeleg grunnlag for å:

- utforma mål og planar for fellesrådet si verksemd i samarbeid med sokneråda, dei tilsette, og i samråd med prestetenesta i sokna.
- vurdera framlegg til avgjerd i saker, og slik få utreda konsekvensane før vedtak vert fatta.
- fordela ressursane slik at dei vedtekne måla vert nådde.
Kyrkjeverja er ansvarleg for effektiv bruk og forvaltning av tildelte økonomiske ressursar i samsvar med budsjett og økonomireglement.
- skapa økonomisk handlefridom for sokna.
- kontrollera at måla for verksemda vert nådde.

Kyrkjeverja skal saman med fellesrådet bidra til å fremja og ivareta sokna og fellesrådet sine interesser i tilhøvet til kommunen.

Kyrkjeverja skal bidra til å fremja samarbeid mellom sokna og mellom sokna og dei tilsette.

Kyrkjeverja er ansvarleg for ein effektiv organisasjon og eit godt arbeidsmiljø, og skal søkja å leggja til rette eit godt samarbeid mellom dei tilsette i fellesrådet. På same måte skal kyrkjeverja også søkja å leggja til rette et godt samarbeid mellom dei tilsette og frivillige medarbeidarar i sokna. Det vert forventa at kyrkjeverja syter for og legg til rette møter, drøftingar og forhandlingar i medhald til lov- og avtaleverk og innarbeidd

praksis. Kyrkjeverja skal leggja til rette for god formell og uformell kontakt og kommunikasjon mellom og med fellestråd, utval, sokneråd, tilsette og eksterne kontakter, slik at verksemda kan nå sine mål.

3 Forventningar til leiaråtferd

Det vert forventa at kyrkjeverja:

- opptre på ein lojal måte ovafor sokna sine organ (kyrkjeleg fellestråd og sokneråd), vidarefører signaler som vert gjeve av desse, og held dei dei løpande informert om alle vesentlege tilhøve ved verksemda.
- skaper tillit til den lokale kyrkje ved å sikra god kvalitet på det kyrkjelege tenestetilbodet, ein forsvarleg forvaltningspraksis og ein god dialog med kommunen, media og andre aktørar i lokalsamfunnet
- bidreg saman med prosten til å utvikla ein serviceinnstilt, konfliktløysande og utviklingsorientert organisasjon som tilfredsstiller krava til eit forsvarlig arbeidsmiljø
- syter for eigen fagleg og personleg utvikling

4 Kyrkjeleg fellestråd sine plikter:

Kvam kyrkjelege fellestråd vil syta for:

- å fastsetja mål for verksemda som er økonomisk og praktisk gjennomførbare, og som let seg evaluera.
- å respektera dagleg leiars sjølvstendige ansvar innanfor dei fullmakter som er delegert, og byggja opp under dette
- å leggja til rette for dagleg leiars kompetanse- og leiarrutvikling
- å gje tilbakemelding på korleis dagleg leiar utfører sitt arbeid i årleg leiarsamtale
- årleg lønsvurdering. Denne skal initierast av fellestrådsleiar, og gjerast etter at sentrale oppgjer for KA sitt arbeidsgjevarområde er fastsett.

5 Resultatvurdering

Med bakgrunn i vedtekne styringsdokument, kyrkjeverja sin arbeids- og leiaravtale, samt utført leiing, skal det kvart år vera eit møte mellom arbeidsgjevarv dvs Kvam kyrkjelege fellestråd v/leiar og nestleiar, og kyrkjeverja.

Her vert resultata frå tida som har gått sidan siste vurdering, evaluerte. Arbeidsgjevar formidlar sine vurderingar i forhold til dei nemnde dokument. Øvrige rammetilhøve (delegerte oppgåver/mynde) kan drøftast. Kyrkjeverjen vert gjeve høve til å koma med synspunkt på evalueringa og tilhøve som elles er av betydning for stillingen

Arbeidsgjevar si resultatvurdering av kyrkjeverja skal deretter inngå i grunnlaget for lønsvurdering og forhandling om løn etter HTA, kap. 3, pkt 3.4.1. Løn til kyrkjeverja bør det difor forhandlast om i eige møte.

Resultatvurderingene vert utarbeidde som referat frå dei årlege møta, der referata fygjer som vedlegg til leiaravtalen, og viser utviklinga i dialogen mellom kyrkjeverje og Kvam kyrkjeleg fellestråd.

6 Anna

Avtalen gjeld frå 1. juli 2024. Partane er ansvarleg for oppfylgjing av leiaravtalen.

Tillegg til leiaravtala:

Kyrkjeverje har i tillegg 10 fridagar som kompensasjon for kvelds- og helgearbeid.

Norheimsund 24. mai 2024

Olav Skeie Lid

Kyrkjeverje i Kvam

Margun Mikkelsen Tordal

leiar Kvam kyrkjelege fellesråd

25/24 Økonomisk kvartalsrapport

Framlegg til vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd tek rapporten til vitande. Det førebelse resultatet er på pluss 190 000,- så langt i år. Det framskrivne årsresultatet tyder likevel på at kyrkja også i år vil få eit stort underskot, i storleiksorden 1,5 mill. Fellesrådet er uroa over mangelen på samsvar mellom ressursar og dei oppgåver fellesrådet til ei kvar tid er sette til å løysa, og bed kyrkjeverje ha open og kontinuerleg dialog med heradet om dette. Fellesrådet bed likevel kyrkjeverje parallellt gjera dei nødvendige tiltak for om mogeleg å koma i balanse med økonomien.

Resultatrapport og kommentarar til rekneskapsstatus ligg som eige vedlegg til innkallinga.

Resultatrapport										
Kvenn Kyrkjelege Fellesråd 7. Kvartal 2024						Organisasjonsnr.: 976095082 Utskriftsdato: 14.08.2024				
NØK	Dessne periode, April - Juni 2024				Helt i år, januar - juni 2024				Sida 12	Budsjett
	Ragnskap	Budsjett	Avvik	Endring	Ragnskap	Budsjett	Avvik	Endring	måneder	2024
Salgsinntekter	2 752 537	2 633 602	-118 935	-4,3%	5 061 780	5 632 439	-570 659	-10,1%	15 914 209	8 821 060
Løstinnøkter	72 060	190 008	-217 948	-27,3%	171 175	212 125	-40 950	-19,3%	1 135 936	1 209 000
Andre inntekter	94 135	85 008	9 127	10,7%	129 869	85 009	44 860	52,8%	857 575	150 000
Sam driftsinntekter	2 918 632	2 908 618	10 014	0,3%	5 362 824	6 929 573	-1 566 749	-22,6%	17 911 721	10 171 060
Varekjøp	109 011	107 636	1 375	1,3%	510 496	336 272	174 224	51,8%	819 771	510 000
Fremmedkjøp	116 844		116 844		201 864		201 864		885 371	
Sum varekostnader	225 855	107 636	118 219	109,8%	512 360	336 272	176 088	52,3%	1 203 542	810 000
Øvrige driftskostnader	2 703 777	3 011 296	-277 479	-9,2%	4 870 543	5 433 232	-562 689	-10,3%	16 708 179	9 661 000
Lønnskostnad	1 361 382	1 306 000	-55 382	-4,3%	2 860 079	2 492 090	367 989	14,8%	8 389 045	5 304 000
Arbeidsdagvare og pensjon o.l.	437 772	181 710	256 062	141,4%	328 477	263 680	64 797	24,6%	1 049 926	727 166
Andre personalkostnader	183 601	492 586	-308 985	-66,8%	301 371	529 090	-227 719	-43,0%	1 230 032	1 137 000
Sum personalkostnader	1 982 755	1 980 296	2 459	0,1%	3 489 927	3 284 860	205 067	6,3%	10 669 003	7 168 166
Kostnader lokaler	33 766	112 600	-78 834	-69,2%	352 166	225 000	127 166	56,5%	1 357 613	400 000
Lete maskiner, innesvar o.l.	83 465	83 750	-285	-0,3%	182 974	167 500	15 474	9,3%	377 968	333 000
Kostnader for anskaffelse	28 171	72 500	-44 329	-61,1%	57 073	145 000	-87 927	-60,6%	175 412	298 000
Oppbevaring og vedlikehold	89 211	92 500	-3 289	-3,6%	35 000	105 000	-70 000	-66,7%	371 344	379 000
Fremmede tjenester	75 072	50 000	25 072	50,1%	205 365	150 000	55 365	37,0%	1 077 174	280 000
Kontorlokale	28 941	25 000	3 941	15,8%	162 891	60 000	102 891	171,5%	424 556	140 000
Telefon, porto o.l.	20 289	17 500	2 789	15,9%	28 204	25 000	3 204	12,8%	124 168	70 000
Utleiekostnader	33 873		33 873		87 174		87 174		193 930	
Kostnad og godtgjørelse for vakter	35 410	25 000	10 410	41,6%	56 612	60 000	-3 388	-5,6%	187 368	90 000
Salgs- og reklamekostnader	16 469	30 000	-13 531	-45,1%	43 480	60 000	-16 520	-27,7%	81 563	100 000
Kontingenter og gaver	9 626		9 626		24 812		24 812		156 079	
Forsterking	64 692	59 500	5 192	8,7%	129 183	115 000	14 183	12,3%	571 851	310 000
Annne kostnader	47 534		47 534		90 287		90 287		97 228	
Tap og lignende									22 806	
Sam driftskostnader	5 173 666	5 662 259	-488 593	-8,6%	10 490 744	11 882 505	-1 391 761	-11,7%	44 336 011	24 435 000
Driftsresultat	723 473	674 716	48 757	7,2%	1 162 080	5 146 868	-3 984 788	-77,4%	1 303 175	57 840
Rokemiddelinntekter	7 733	8 800	-1 067	-12,1%	7 723	8 800	-1 077	-12,2%	36 823	29 000
Fjernskjøp	7 044		7 044		14 970		14 970		94 203	
Sum inntekt	808	8 800	-7 992	-90,9%	7 237	8 800	-1 563	-17,8%	157 380	29 000
Resultat før skatt	724 158	682 796	41 362	6,0%	1 169 317	5 155 868	-1 986 551	-38,7%	1 043 774	77 840
Årsresultat	724 158	682 796	41 362	6,0%	1 169 317	5 155 868	-1 986 551	-38,7%	1 043 774	77 840
Overføringer og disponeringer									855 140	

Økonomisk status perioden 1. januar til 30. juni 2024.

Føresetnader:

Økonomisk status er basert på mottatt informasjon. Eit fullstendig periodisert rekneskap krev at me har tilgang til informasjon som kan har resultat- eller balanseeffekt. Dette gjeld opptente inntekter og påløpne kostnader.

Resultat

Årsresultatet hittil i år var eit overskot på 190 tusen kroner, noko som var 0,7 mill. kroner lågare enn budsjettet hittil i år. Sum driftsinntekter var 5,4 mill. kroner og 0,6 mill. kroner lågare enn budsjett hittil i år.

Statstilskotet for 2024 var budsjettert til 1,750 mill. kroner og i mai vart det innbetalt 1,140 mill. kroner til stillingane kateket og diakon. Eit negativt avvik på 0,6 mill. kroner.

Avdelingsrekneskapen per juni ser slik ut, meld frå om det er inntekter eller kostnader som er ført på feil avdeling:

Sammendrag for avdeling (kostra funksjon)									
Kvam Kyrkjelege Fellestråd									
Pr. Juni 2024									
Avdeling (Kostra funksjon)			Inntekter			Kostnader			
NOK	Oppstart	Slutt	Varekjøp	%	Personal	%	Andre	%	Utskr
041 - Kyrkjeleg administrasjon			3 557 939	12 907	0%	734 844	21%	666 646	19%
042 - Kyrkjer			70 150	720	1%	1 281 075	1 826%	603 919	861%
043 - Gravplassar			441 322	276 627	63%	556 092	126%	133 951	30%
044 - Anna kyrkjeleg verksemd			36 320	32 151	89%			73 417	202%
046 - Trusopplæring			448 971	28 810	6%	192 795	43%	8 965	2%
047 - Undervisning/konfirmasjonsarbeid			836 330	161 275	19%	425 121	51%	3 848	0%
Sum			5 391 033	512 490	10%	3 189 926	59%	1 490 746	28%

Varekostnadane var 512 tusen kroner og 196 tusen kroner høgare enn budsjett hittil i år. Avviket gjeld i hovudsak kjøp av tenester til gravstell for 2024.

Personalkostnadane hittil i år var 3,2 mill. kroner og 0,35 mill. kroner lågare enn budsjettet hittil i år. Budsjettet er periodisert lineært over 12 månader.

Andre driftskostnader hittil i år var 1,5 mill. kroner og 0,3 mill. kroner høgare enn budsjett hittil i år. Det var per juni avsett for motpost avskrivningar iht Kostra-prinsipp, totalt 307 tusen kroner hittil i år.

Kostnader lokaler var 0,4 mill. kroner og 0,2 mill. kroner høgare enn budsjett hittil i år. Straumkostnadane var budsjettert til 0,4 mill. kroner for 2024 og per juni var 0,3 mill. kroner kostnadsført, eit negativt budsjettavvik på 0,1 mill. kroner. Tidlegare kostnadsført straumkostnad på 0,1 mill. kroner for desember 2023 er reversert mot avsetning i inngåande balanse. Det ser ut til at kostnader lokaler bør aukast for 2024.

Kostnad til kontingent på 84 tusen kroner og kostnader for bil på 57 tusen kroner var ikkje budsjettert for 2024.

På konto 7790 - annen kostnad var det per juni utpostert avvik frå IB på til saman 45 tusen kroner.

Finanspostar

Hittil i år var det inntektsført 7.360 kroner i kundeutbytte frå Sparebanken Vest.

Det var kostnadsført 15 tusen kroner i renteutgifter hittil i år, dette var ikkje budsjettert.

Balanse

Sum anleggsmidlar var 11,6 mill. kroner hittil i år. Sum investeringar var 416 tusen kroner og sum tilskot var 406 tusen kroner. Resterande 10 tusen kroner gjeld restbeløp på kjøp av prosjektor til Nhs. kyrkje. I tillegg er det betalt eigenkapitalinnskot til KLP på 29.286 kroner (konto 1390).

Aldersfordelt saldoliste kunder viste per 30. juni forfalte faktura på 67 tusen kroner, sjå vedlegg.

Andre kortsiktige fordringar hittil i år var 233 tusen kroner og består i hovudsak av periodiserte kostnader.

Likviditetsbeholdninga per 30. juni 2024 var 1,7 mill. kroner.

Sum eigenkapital var 10,7 mill. kroner per 30.6.2024, ein nedgang på 0,1 mill. kroner frå 1.1.2024.

Langsiktig gjeld til Toyota Kreditbank var 0,4 mill. kroner per 30. juni 2024 (konto 2240).

På konto 2290 - annen langsiktig gjeld var det ein saldo på 154 tusen kroner som gjaldt avslutta bankkonto for OLA JAASTADS LEGAT.

Leverandørreskontro viste ein utgåande saldo på 0,6 mill. kroner, sjå vedlegg for detaljar.

Anna kortsiktig gjeld var 2,0 mill. kroner og består av forskotsbetalt gravstell (0,9 mill. kroner), skuldige feriepengar (0,3 mill. kroner), diverse fond (0,6 mill. kroner) og påløpt pensjonskostnad mm. på 0,2 mill. kroner.

26/24 Kyrkjelege avgifter 2025

Samrøystes vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd tilrår fylgjande satsar for kyrkjelege avgifter for 2025 til Kvam heradsstyre.

Dette er ei årleg øving: desse avgiftene gjeld kommunale tenester for gravferdsforvaltninga. Etter vår tilråding skal Kvam heradsstyre så vedta desse i budsjettet sitt.

Me har fått opplyst av Kvam herad at deira tilråding for prisauke for avgifter og gebyr er på kr 4,5 %. Det er ingen grunn til at me skal tenkja annleis. Tabellen er difor som fylgjer, med litt avrunding til næraste fornuftige tal:

For gravferder:	2024	2025
Festeavgift for grav	420	440
Festeavgift for grav over 60 år	840	880
Utanbygds avgift, gravferds-seremoni i kyrkje	10 200	10 700
Utanbygds avgift, kiste-nedsenking	6 200	6 500
Utanbygds avgift, urne-nedsetjing	2 630	2 750

27/24 Satsar for gravstell 2025

Samrøystes vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd vedtek fylgjande satsar for gravstell for sesongen 2024:

	2024	2025
Standard avtale	2075	2165
Redusert avtale	1600	1670

Me steller eit stadig aukande antal graver i Kvam. Me har passert 200 med god margin, og nye kjem til heile tida. Også for denne tenesta er det naturleg å nytta den same auken i prosent som for kyrkjelege kommunale avgifter – sjølv om denne aktiviteten ikkje har noko med det kommunale ansvaret å gjera. Dette er ei teneste som kyrkja tilbyr på eiga hand. .

28/24 Budsjett 2025

Framlegg til vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd godkjenner framlagde budsjett som retningsgjevande, og sender det til Kvam herad som vårt innspel i samband med budsjettprosessen. Når budsjettsum frå heradet er kjent, vil fellesrådet gjera sitt endelege budsjettvedtak.

Budsjettkommentar:

- *Auken i det ynskte drifts-tilskotet frå Kvam herad tek opp i seg pris-og lønnsstigning, samt eit ynskje om å kunna ha driftskapital gjennom året. Me viser til vår utfordrande økonomiske situasjon, og bed om kr 8 120 000,- for 2025. Dette er ein stor auke, men er likevel naudsynt, etter fellesrådet sitt syn.*
- *Investeringar: Strandebarm kyrkje og namna minnelund i Øystese er på plass i 2024-budsjettet, dette vert vidareført til 2025. Ingen av prosjekta vil rekkja å bli ferdige i 2024. For 2025 er det naturleg å be om at også namna minnelund til Norheimsund kyrkje vert prioritert av Kvam herad. Denne har eit ferdig forprosjekt, og kan gjennomførast i 2025. Budsjettsummen for denne er stipulert til kr 3,5 mill.*

Kostnader		Budsjett 2025	Budsjett 2024
010	Fastlønn, feriepengar mm	5 965 000	5 600 000
020	Vikarer	100 000	100 000
080	Styrehonorar	45 000	40 000
090	Pensjonskostnad	1 300 000	1 050 000
098	Refusjon NAV, lønnstilskot	-420 000	
095	Yrkesskadeforsikring	47 000	70 000
165	Andre personalkostnader	30 000	17 000
099	AGA	745 922	727 160
100	Kontormateriell	200 000	100 000
110	Aktivitetsrelatert forbruksmat/utstyr/tjenester (herunder konf.leir)	470 000	450 000

120	Annet forbruksmaterieill		60 000
270	Kjøp av tenester	350 000	
130	Post, bank, telefoni og datalinjer	100 000	70 000
140	Annonser, reklame, info og repr.	80 000	120 000
150	Opplæring, kurs (ikkje oppg.pliktig)	40 000	40 000
240	Bilkostnader	80 000	
170	Køyregodtgjersle	130 000	100 000
180	Energi	600 000	400 000
120	Renhold, renovasjon	120 000	
185	Forsikringar, inkl. bil	296 000	230 000
190	Leie av lokaler og grunn	15 000	10 000
195	Avgifter, gebyrer og lisenser	250 000	180 000
200	Inventar og utstyr	40 000	40 000
210	Leie, leasing, kjøp av transportmidler	30 000	120 000
220	Leie, leasing, kjøp av maskiner	40 000	35 000
230	Vedlikehold og byggtjenester, nybygg	100 000	250 000
240	Serviceavtaler og reparasjoner	150 000	120 000
250	Materialer til vedlikehold, inkl arbeidskle	100 000	250 000
265	Vakthold og vekttertjenester, alarm	42 000	40 000
270	Rekneskap og revisjon	250 000	250 000
350	Refusjon til menighetsråd	85 000	80 000
195	Kontingentar	90 000	
110	Andre kostnader, inkl. tap på krav	70 000	
429	Mva som gir rett til momskompensasjon		750 000
430	Tilskudd til kommune/komm institusjoner		
500	Renteutgifter	30 000	
510	Avdragsutgifter		
530	Dekning av tidliger års regnskapsm. merforbruk		0
540	Avsetning til disposisjonsfond		
550	Avsetninger til bundne fond		
570	Overføring til investeringsrekneskap		30 000
580	Regnskapsmessig overskudd		
590	Avskrivninger	540 000	400 000
Sum		12 110 922	11 729 160

Inntekter		Budsjett 2025	Budsjett 2024
600	Brukerbetaling ved kirkelige tenester	30 000	50 000
	Annonseinntekter kyrkjeblad	60 000	
610	Betaling fra deltakere (konfirmantar, inkl. leir)	350 000	225 000

	Billettinntekter	40 000	
630	Husleieinnt/utleie av lokale/festavgift	1 000 000	1 200 000
650	Avgiftspliktig salg av varer og tjenester (Gravstell)	400 000	400 000
710	Sjukelønnsrefusjonar/refusjoner/tilskot frå NAV		436 000
728	Kompensasjon mva påløpt i inv.regnskapet		
729	Kompensasjon mva påløpt i driftsregnskapet		750 000
800	Tilskudd fra staten/statlige institusjoner	1 300 000	1 750 000
830	Tilskudd fra kommune/komm institusjoner	8 120 000	6 376 000
850	Tilskudd fra menighetsråd		20 000
870	Tilskudd/gaver fra andre, kyrkjeblad	120 000	150 000
	Andre inntekter	165 000	
900	Renteinntekter	15 000	20 000
950	Bruk av bundne fond		
930	Bruk av udisponert frå tidl år		
980	Regnskapsmessig underskudd		
990	Motpost avskrivninger	540 000	400 000
Sum		12 140 000	11 777 000
		29 078	47 840
Del B	Investeringsbudsjett 2024		
Utgifter			
200	Namna minnelund Øystese	2 500 000	2 600 000
	Namna minnelund Norheimsund	3 500 000	
430	Nytt tak Strandebarm kyrkje	8 854 091	9 000 000
428/429	Mva som gir rett til momskompensasjon		0
520-529	Klp-eigenkapital	32 000	30 000
550	Avsetninger til bundne fond		
580	Regnskapsmessig overskudd		
Sum		14 886 091	11 630 000

Inntekter			
870	Tilskudd/gaver fra andre		
970	Tilskot Riksantikvar (tak Strandebarnd)	1 500 000	1 500 000
980	Kvam herad	13 354 091	10 100 000
728	Kompensasjon mva påløpt i inv.regnskapet		0
	Bruk av udisponert frå tidl år	32 000	30 000
950	Bruk av bundne fond		
Sum		14 886 091	11 630 000
		0	0

29/24 Møtekalender hausten 2024

Samrøystes vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd fastset fylgjande datoar for møte i fellesrådet hausten 2024:

- **18. september kl 16.30**
- **6. november kl 16.30.**
- **4. desember kl 16.30.**

30/24 Godkjenning av prosjekt og teikningar av minnelund i Øystese

Samrøystes vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd godkjenner endeleg framlagde teikningar og prosjekt for minnelund i Øystese, og bed kyrkjeverje og arkitekt setja prosjektet ut i livet så snart som råd.

Teikningar og prosjektskisse er sendt rådet sine medlemmer på epost.

Fellesrådet har ved fleire høve fått desse teikningane på bordet, både til godkjenning og orientering. No er saka komen dit at søknad kan sendast, og det er naturleg at fellesrådet set sitt godkjent-stempel på det ferdige prosjektet.

Vegen vidare er at søknad om etablering skal gå til statsforvaltaren i Vestfold, som er mynde i slike saker. Dinstem vil det verta sendt byggjesøknad til Kvam herad, før tiltaket vert utlyst som konkurranse. Fellesrådet vil få val av entreprenør attende på sitt bord når konkurransen er ferdig.

Det er ikkje usannsynleg at denne søknadsprosessen og utlysingskonkurransen vil ta det meste av vinteren, og at bygging difor vert til våren 2025 – slik fellesrådet allereie er varsla om.